



Trivnad: Geografistudentane Anna Alstad (t.v.), Marikken Wathne og Oda Sofienlund var i Norheimsund i to dagar. Dei likte seg så godt at dei gjerne skulle vore lenger. Her er dei fotograferte ved Thon Hotel Sandven, der studentane hadde base.

Geografistudentar sette Kvam under lupa

Då 29 geografistudentar frå Universitetet i Bergen skulle få sitt første møte med praktisk forskning, sette dei kursen mot Kvam.

BÅRD VALVATNE
valvatne@hf.no

Studentane er midt i bachelorutdanninga i geografi. Turen til Kvam var ein del av eit feltkurs i emnet samfunnsgeografi.

Grete Rusten er professor ved institutt for geografi ved Universitetet i Bergen, og leiar for feltkurset. Ho fortel at kurset er det fyrste møtet til studentane med denne typen feltarbeid. Studentane var i Kvam måndag og tysdag i førre veke, men har hatt Kvam som tema lenge.

– Kurset byrja allereie tidleg i oktober, med teori og innsamling av bakgrunnsinformasjon. Mellom anna har me hatt besøk av Jon Nedkvitne frå Kvam herad, som har fortalt oss om kommunen, for-

tel Rusten.

Intervjua lokalbefolkninga

Tida i Kvam vart i hovudsak nytta til intervju med tilsette i Kvam herad og ulike verksemder i kommunen.

Studentane var delte i grupper som tok føre seg kvar sitt tema. Gruppene har mellom anna sett på kva dei mange festivalane i Kvam betyr for kommunen, nisjenæringer knytte til fruktdyrking, framtida til Ålvik og korleis naudetatane i Kvam fungerer.

– Viktig yrke

Marikken Wathne, Anna Alstad og Oda Sofienlund hadde valt å undersøkje situasjonen til mjølkebøndene i kommunen.

Årets jordbruksoppgjjer var ei av årsakene til at damene tykte temaet var interessant.

– Det vart mykje debatt om jordbruksoppgjjeret i år. Me ønskte å finna ut kva oppgjjeret betyr for bøndene, seier Sofienlund.

– Bøndene er verdas viktigaste

yrkesgruppe. Befolkninga veks, og folk må ha mat. I år er familjelandsbruksåret til FN. Trass dette satsar den norske regjeringa på ein politikk som favoriserer storbruk, seier Wathne.

– Du klarar ikkje å forstå korleis det er å vera bonde før du har vitja ein bonde, sett korleis kvardagen hans er og snakka med han. Me er imponerte over dei me har snakka med. Dei er flinke folk som arbeider hardt. Det har vore svært interessant å høyra deira tankar, seier Alstad.

Rapport på 150 sider

Kvar gruppe skal skriva eitt kapittel i ein 150 sider lang sluttrapport. Rapporten skal vera ferdig i desember, og vert tilgjengeleg for alle.

– Besøket i Kvam er viktig for opplæringa til studentane våre, men samstundes er det ein fin måte å lata dei verta kjende med ulike delar av landet på. Vestlandet er mykje meir enn berre Bergen. Slike ekskursionsjonar gjev meir

kunnskap om det mangfaldige landet me bur i, og er med på å visa kvalitetane som finst på mindre stader, seier Rusten.

Mange moglegheiter

Tidlegare vart mange geografistudentar lærarar. Slik er det ikkje lenger.

– Mange studentar får jobb i ulike verksemder, men om lag seksti prosent endar i offentleg sektor. Det er i alle fall to tilsette i Kvam herad som har geografiutdanning, seier Rusten.

Ho fortel at delegasjonen frå universitetet vart godt motteken.

– Alle har vore veldigause. Folk har sett av tid til å lata seg intervjuar i arbeidstida, og me har heile tida kjent oss velkomne, seier Rusten.

Studentane er samde.

– Det har vore to artige og interessante dagar i Kvam. Eg trur dei fleste godt kunne tenkja seg å vera her lenger, seier Alstad.

Ønsker ikkje meir industri i Busdalen

Rådgjevingsselskapet Sweco Norge AS har laga eit forslag til reguleringsplan for området Busdalen-området. Forslaget er for tida ute på høyring. Øystese idrettslag og Rossvoll volleyballklubb har komme med ei felles fråsegn.

Laga skriv at Busdalen ligg sentralt i Øystese, nær skule, barnehage og idrettsanlegg. Å etablere næringsareal for entreprenør- og transportverksemd i Busdalen slik planprogrammet legg opp til, meiner laga er feil. Dette vil føra både til støy og støvplager, vera estetisk skjemmaende og føra til trafikkfarlege situasjonar på grunn av auka tungtrafikk. I staden meiner idrettslaget og volleyballklubben at området bør få eit føremål som gjer at det framleis kan nyttast som rekreasjonsområde for born og unge.